

REGLAR VÅRMARKNAD 2024

Med atterhald om justeringar



VÅRMARKNAD
10.-11.MAI 2024

STANDPLASS

Standplass utandørs: Underlaget er gras eller grus, vegane mellom standfeltene er i all hovudsak gode asfalt- og grusveggar. Djubda på standane varierer litt, og er mellom 5-7 meter.

ULOVLEGE VARER

Sal av el-røyk, softgun, fjær/luftvåpen, kastestjerner, sverd, kinaputtar, springknivar o.l. er ikkje tillate. Det er ikkje lov å selje varer som strider mot norsk lov.

Sal av mat: Arrangøren har inngått avtale om sal av serveringsmat på plassen. Det er ikkje tillate å selje serveringsklar mat utan avtale.

OPPRYDDING – SØPPEL - KJELDESORTERING

Det er utstillars ansvar å halde salsplassen og området rundt ryddig og fri for søppel. Det skal vere ryddig til ei kvar tid under Vårmarknaden. Etter utstillinga må alt gods vere fjerna frå utstillingsområdet. Dersom dette ikkje har skjedd, blir den enkelte utstillar belasta for utgifter med å rydde plassen. Grunna brannsikkerheit skal det ikkje oppbevarast papp/søppel på stand. Vi har kjeldesortering av avfall på Dyrskuplassen og sorterer i følgjande fraksjonar: papp, plast, emballera matavfall og restavfall.

BRANNSLØKKINGSAPPARAT

Alle salsplassar skal ha minimum 1 stk. 6 kg brannsløkkingsapparat. Kontroll vil bli gjennomført. Dei som manglar slikt apparat vil bli pålagt å skaffe dette under marknaden. Utstillarkontoret har brannsløkkingsapparat for sal.

SKADER / FORSIKRING

- Utstillarane skal følgje gjeldande norske lovar og aldersgrenser, og spesielt lovar og reglar for sal jf. m.a. brukthandlarlova og lov om meirverdiavgift.
- Utstillarane er ansvarlege for skader utført i aktløyse som dei, folka deira, produkt, utstyr o.l. påfører bygningar, innreiingar, anlegg og personar.
- Alle utstillarane skal ha teikna eigen ansvarsforsikring.
- Arrangøren dekkjer ikkje tap eller tilbakebetaling av utlegg (leige, avgifter o.l.) i samband med forhold som ligg utanfor vår kontroll; t.d. vêr, tredjemanns- og leverandørars handlingar, force majeure, pandemi o.l. I alle høve kan det ikkje krevjast erstatning for indirekte tap.
- Arrangøren dekkjer ikkje tap i samband med tjuveri, skadeverk, sabotasje o.l.

STRAUM

Utstillarar som har særskilte behov for straum, må sjølv ha dette i beredskap i tilfelle straumbrott. Det er ein straumkurs (ca. 1,5 kw) inkludera i standleiga. Spenninga på plassen er 1-fasa 230V og 3-fasa 400V. Det kan vere noko avstand til næraste koplingspunkt for straum, utstillar må sjølv ha med rikeleg med skøyteleidning berekna for utandørs bruk.

OVERNATTING

Utstillarar som har plass til det, kan overnatte på eigen stand. Tal på personar som overnattar skal meldast inn ved innsjekk til Utstillarkontoret.

- Det skal vere installert røykvarslar og tilgang til brannsløkkingsapparat i overnattingseininga.
- Det skal vere ro på plassen i perioden kl. 24.00-06.00
- Du har i tillegg høve til å overnatte i eigen bubil, campingvogn e.l. på eige campingområde under marknaden. Eigne prisar gjeld.

GJELDANDE LOVAR

Utstillarane har sjølv plikt til å følgje gjeldande lovar og reglar for sal, jf m.a. brukthandellova og lov om meirverdiavgift. Plakatar og annan reklame kan ikkje setjast opp eller distribuerast utanom eigen stand, dersom anna ikkje er avtala med arrangør.

Det er ikkje høve til å nyte alkohol i opningstida.

Kontakt under arrangementet:

Alle spørsmål i samband med reglane rettast til Utstillaransvarleg eller Vakt- og beredskapsleiar